

Norske trolldomsprosesser

Prosessnummer: 777

Tiltaltes navn: Sigmund Vatnes kone

Årstall: 1616

Sted: Høyland i Rogaland

Hev desse folki sloppe lettare en mange trollmenn og trollkjerigar gjorde sidan, so kann det og vera av di at faa eller ingen hev klaga paa deim eller „lagt sak mot deim“. Anna Grønho vart her lyst ut or fylket; men i Bergen vart ho tie aar seinare dømd fraa livet; der var det og minst ei kona som lagde sak mot henne og klaga yver at ho med kunsterne sine hadde ført henne upp i ulukka. Hev dei letta paa domen naar det ikkje var sovori klaga, so samstavar det baade med dei gamle norske logjerne og med den framferdi som dei seinare fylgde.

I lens-rekneskapen fyr 1611 vert nemnd ei trollkjerig som heitte *Maren Njellsdotter*. Ho braut seg ut or fangeholet i Stavang og kom til Madla; der fekk ho vera nokre dagar hjaa ein av mennerne, heitte Olav Torgeirsson. Kvar det sidan vart av henne, vert det ikkje fortalt noko um; men Olav Torgeirsson paa Madla laut bøta til kongen 8 ørtugar 13 mark sylv, for han „hadde hyst og hela med ei trollkjerig“.

Var det nokon som let dei ordi fara at ein var trollmann, so vilde alltid den som var skulda, rein-vaska seg, um det var raad. Gjorde han ikkje det, so kunde skuldingi verta eit vitnemaal imot han.

I rekneskapen 1604 er fortalt um *Sigrid paa Mehus* (ved Skyljastraumen) at ho hadde reinska seg fyr ei slik skulding. Rasmus Ysteinstad, ein av grannarne hennar, hadde sagt at ho var trollkjerig. So hadde ho lagt sak, og han kunde ikkje prova det han hadde sagt. Han vart dømd til aa bøta 10 dalar.

Eilev Sporaland i Gand hadde lagt trolldoms-sak paa kona hans Sigmund Vatne. Ho lagde sak og han kunde ikkje sannprova det. So vart han dømd 1616 til aa bøta 7 dalar fyr det ordet han hadde sett ut.

Dei store trolldoms-sakerne tok til her i fylket ikring 1623 og vara til 1684. Trollmenn og trollkjerigar vart daa dømde „etter Guds og kongens log“. I Mose-logi hadde dei lært: „Ei trollkjerig skal du ikkje lata liva,“ Kva daude ho skulde lida, hadde dei og eit Guds-ord fyr: „Um nokon ikkje vert verande i meg, so vert han kasta ut som greini og visnar; og dei sankar deim og *kastar deim paa elden, og dei*